

Barnehagen som mangfoldig arena.

Korleis arbeider barnehagar i bygd og by med kulturelt og religiøst mangfald, og kva utfordringar og ressursar opplever barnehagelærarar i desse miljøa?

Linda Lefdalshjelle Horne

Kandidatnummer: 17

Bacheloroppgåve

BMBAC3900

Trondheim, 26.04.2024

Bacheloroppgåva er eit sjølvstendig studentarbeid gjennomført ved Dronning Mauds Minne Høgskule for Barnehagelærerutdanning og er godkjend som ein del av barnehagelærerutdanninga. Under utarbeiding av oppgåva har studenten fått rettleiing ved DMMH.



DronningMaudsMinne
HØGSKOLE FOR BARNEHAGELÆRERUTDANNING

Innholdsfortegnelse

Bacheloroppgåve	1
Innlending	3
1.2 Grunngeving av tema.....	3
1.3 Grunngeving vagl av Problemstilling.....	3
1.4 oppgåvas oppbygging	4
2.0 Teori	4
2.1 Religion og Kultur.....	4
2.2 Mangfald.....	5
2.3 Fleirkulturell.....	6
2.4 Postkolonial teori.....	7
2.5 Rasisme.....	7
3.1 Metode	8
3.2 Intervju som innsamlingsmetode.....	9
3.3 Utval av innformatar.....	10
3.4 Etske omsyn	10
3.5 Analyse.....	11
3.6 Beskriving av gjennomføring.....	11
3.6 Metodekritikk.....	12
4.0 Analyse av funn og drøfting	13
4.2 Mangfald.....	13
4.3 Kulturelt og religiøst mangfald.....	16
4.4 Pedagogisk arbeid med mangfald.....	19
4.5 Utstenging på grunn av hudfarge.....	21
4.6 Haldninga innan personalet.....	23
4.7 Er arbeid mad mangfald viktig?	25
5.0 Avslutning	26
6.0 Litteraturliste	27
7.0 Vedlegg. informasjon og samtykkeskjema	29
7.1 Vedlegg 2. Samtykkeskjema.....	32
7.2 Vedlegg 3. Intervju spørsmål.....	34

Innlending.

I rammeplanen for barnehagen er det eit eige delkapitel som omhandlar «mangfald og gjensidig respekt» dette understrekar at mangfald er eit viktig tema i barnehagen som skal arbeidast med (Kunnskapsdepartementet, 2017, s 9). I kapitelet står det nedfelt at «Barnehagen skal fremme respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsette og fremme mangfald og gjensidig respekt.» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s 9). Barnehagar kan arbeide med å fremme mangfald på ulike måtar og det er nettopp dette eg ønsker å skjå nærmare på. I min bacheloroppgåve ønsker eg å undersøke korleis ulike barnehagar arbeida med mangfald spesielt sett opp mot kultur og religion mangfald. I denne samanheng har eg samle inn intervju, to i Trondheim by, to i ein bygd på vestland samt eit intervju med ein barnehagelærer som har arbeida både i bygd og by. Eg ønsker at barnehagen skal være ein trygg arena som har plass til alle, derfor vil eg og undersøke om mangfald blir arbeida med og på kva måte.

1.2 Grunngeving av tema.

Eg har bestandig funne interesse i ulike religionar, livssyn og kulturar. For meg er det spennande å skjå på korleis ulike meneser veljar å leve og korleis kultur, religion og livssyn påverkar verdiane til eit menneske. Dette var grunnlaga for at eg valde utdanninga «Barnehagelærer med vekt på flerkulturell forståelse» som har gjet meg mykje kompetanse innanfor mangfald i barnehagen. Eg er oppvekst i bygd og har eit forhold til korleis det er og gå i barnehagen i bygd. Når eg flytta til Trondheim og begynte og studere, kom det stadig opp at byen er flinkare til og arbeide med mangfald en bygdene. Dette gjer meg nysgjerrig, er det sant at by er flinkare å arbeid med mangfald eller er det en stereotypisk myte? Eg er vakst opp på ein liten plass i ein bygd på vestlandet, men no bur eg og studera i Trondheim som er ein av Norges største byer. Eg ønsker derfor og innhente intervju både frå bygd og by for og skjå korleis barnehagen arbeida med mangfald på dei to plassane. Eg er nysgjerrig på om geografisk plassering påverka korleis barnehagar arbeida med mangfald. Samtidig er eg nysgjerrig på kva moglegheita og utfordringa barnehagelærarane møter i dei ulike barnehage miljøa.

1.3 Grunngeving vagl av Problemstilling.

Kvar bacheloroppgåve er fokusert rundt ei problemstilling knytt til temaet ein har valt å undersøke (Bergsland & Jæger, 2014, s. 58). Når det var på tilde og velje problemstilling gjekk eg først mykje fram og tilbake og var usikker på kor mykje eg ønska og nytte by og

bygd perspektivet. Eg lurte først på om eg skulle samanlikne korleis vi arbeida med mangfald i bygd og by, men eg gjekk seinare vekk frå dette. No er eg interessert i å undersøke korleis ulike barnehagelærarar arbeider med mangfald, og om den geografiske plasseringa påverkar kor mykje og på kva måte dei jobbar med dette. Til slutt kom eg fram til at eg ønska og nytte bygd og by perspektiva for og undersøke korleis barnehagar fremja arbeida med mangfald og om en geografiske plasseringa påverka utfordringa og moglegheiter. Til slutt enda eg opp med denne problemstillinga:

Korleis arbeider barnehagar i bygd og by med kulturelt og religiøst mangfald, og kva utfordringar og ressursar opplever barnehagelærarar i desse miljøa?

1.4 oppgåvas oppbygging

I denne oppgåva skal eg svare på problemstillinga. Bachelor oppgåva min er strukturert ved hjelp av sju kapittel for og skape ein klar struktur og oversikt. Under kvart kapittel er det ein kort introduksjon til kva kapitel omhandlar. Eg har også nytta underkapittel for å lage ein klar oversikt for laseren. I første kapitel beskriver eg val av tema. I andre kapitel vil eg legge fram relevant teori. I kapitel tre belyser eg metoden eg har nytta for innsamling av data. I kapitel fire vil analyse og funn i drøfting bli presentert samt vil funna bli drøfta opp mot teori. Avslutningsvis vil eg skrive ein avslutning på oppgåva.

2.0 Teori.

I teoridelen av min oppgåve vil eg ta for meg det teoretisk grunnlaget for teksten. Teorien som blir løfta fram ligger til grunn for resten av teksten. Eg valde dissa timane fordi eg rekna dei som betydelege for å svare på problemstillinga. Eg deler teori grunnlaget opp i tema for og skape ein tydeleg struktur i teksten.

2.1 Religion og Kultur.

«Etikk, religion og filosofi er med på å forme måter å oppfatte verden og mennesker på og preger verdier, normer og holdninger» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 54). I min oppgåve har eg hat særleg fokus på kulturelt og religiøs mangfald og arbeid med dette i barnehagen. Kultur er et av dei mest sentrale omgrepa innanfor felleskultur feltet og det er sakt at det finnes over 200 definisjonar på omgrepet (Horntvedt 2012, s. 238). Eg valde å ta utgangspunkt i denne definisjonen «kultur, eller sivilisasjon, er en kompleks heilhet som består av kunnskaper, trosformer, kunst, moral, jus og sikkerhet, foruten alle øvrige ferdigheter og

vaner et menneske har tilegner seg som medlem av et samfunn» (Eriksen & Sajjad, 2020, s. 35). Kultur omgrepet omfamnar altså mykje av kven vi er som menneske. Religion kan også påverka kven vi er og kva verdier vi har. Det finns mange definisjonar på omgrepet religion enkelte tar for seg innhale i religionen, medan andre tar for seg korleis religionen fungera (Sødal, 2019, s. 80). Dei to betydningane indikerer at religion handlar om å tru på noe å være forplikta ovanfor nokke, som gudar eller makter utanfor seg sjølv (Sødal, 2019, s. 80). Eg har erfaring frå barnehage i både bygd og by, her har eg møt mange foreldre, barn og tilsette med ulike religiøs tilknytning og eller kultur. Eg har vært i barnehagar med mykje fokus på mangfald og i barnehagar som har mindre fokus på dette. Eg har igjennom 100 daga i praksis opplevd at barnehagar markert Jul og Samenes nasjonaldag, dette er ikkje tilstrekkeleg etter min meining. Fordi det synleggjer eit trongt bilde på mangfald. I løpet av min praksisperiodar har eg opplevd at alle barn og vaksne møtast med respekt av barnehagelærarane uavhengig av kultur og religion. Eg har derimot observert at ufaglærde og vikarar har møtt familiar frå ulike kulturelle eller religiøse bakgrunnar, der respektfulle haldningar har vore mindre tydelege. Eg har erfart at det er ulik praksis frå barnehage til barnehage, eg lurte derfor på om den geografiske plasseringa til barnehagen påverka på korleis barnehagen arbeida med mangfaldet.

2.2 Mangfald

I min problemstilling stiler eg spørsmål rundt korleis bygd og by arbeida med mangfald spesielt set opp mot religion og kultur. Eg ønsker derfor å gå nærmare inn på forståinga av orde mangfald og kva det innebere å være ein mangfoldig barnehage. I rammeplanen for barnehagen står det «Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 54). Rammeplanen setter hær krav til at barnehagen skal arbeide å skape interesse for mangfald, men rammeplanen definera ikkje kva mangfald er. Bergersen beskriver at «Mangfold handler om ulikhet» (Bergersen, 2017, s. 63). Tone Horntvedt forklarar omgrepet mangfald ved hjelp av dei engelske orde «Diversity eller Multiplicity orde mangfold dreier seg altså om variasjon på en stor skala» (Horntvedt 2012. s. 245). Skal man skjå desse definisjonane samstundes med kvarandre kan man beskrive mangfald slik. Mangfald handlar om ulikskapar og dreier seg om variasjonar på ein stor skala. Begrepet kan derfor inneha mykje og ulike vedkomande kan nytte omgrepet på ulike måtar.

2.3 Fleirkulturell.

Begrepet fleirkulturelt inngår i mangan språklege samansetningar som for eksempel fleirkulturell barnehage, fleirkulturelt samfunn og fleirkulturell pedagogikk (Båtnes, 2012 s.19). Begrepet kan altså brukas på filere måtar å derfor ha fleire betydingar. Båtnes bruker omgrepet som ein beskrivande adverb for samfunns, institusjon eller andre grupper av menneske (Båtnes, 2012 s.19). Båtnes nyttar altså orde fleirkulturell mot ein gruppe å ikkje individ menneske. Sigrun Sand skriv at man kan snakke om ein fleirkulturell barnehage i betydning at det går barn med ulike kulturar og språk i barnehagen (Sand, 2021, s. 79). Videre formidlar hun at man karakteriserer ein barnehage som fleirkulturell fordi det går minoritetsspråkleg barn der (Sand, 2021, s. 79). Ein anna bruka av omgrepet omhandlar om barnehagens planar og praksisar har eit fleirkulturelt innhol som er tilpassa den gruppa som går i barnehagen (Sand, 2021, s. 80). I denne tolkinga av omgrepet vil mangfald, variasjon i språk og kultur bli sett på som ein ressurs og brikning for alle (Sand, 2021, s. 80). Hær ser man på den pedagogiske praksisen i barnehagen og ikkje mengde fleirspråklege og fleirkulturelle barn som opphalde seg i barnehagen. I forbindelse med omgrepet faglitteratur kan man møte på omgrep mangfoldig barnehage eller fleirkulturell barnehage. Spernes og Hatlem meiner at i en fleirkulturell barnehage skal mangfeldet være en gevinst for alle deltakarane, uavhengig om dei har innvandrarbakgrunn eller ikkje (Spernes & Hatlem, 2014, s. 67). I drøftingsdelen ser eg på kva informantane frå bygd og by legger i fleirkulturelt mangfald dette kan fortolle noko om deira haldning til det fleirkulturelle i barnehagen.

Rammeplanen for barnehagen setter krav til at barnehagen skal nytte mangfald som ein resurs i det pedagogiske arbeide (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9.) Det finnes to ulike haldningar når det komme til mangfald, ein problemorientert eller ein resursorientert haldning (Gjervan et.al 2012, s. 61). I ein resursorientert haldning arbeida med utvikling av en praksis der man gjer det språklege og kulturelle mangfeldet til en felles ressurs (Hauge, 2014, s. 11). Ein problemorientert haldning går ut på at mangfald er ein forbigåande og uavhengig situasjon som man forsøker og dempe (Hauge, 2014, s. 11). Det fleirkulturelle blir ivaretake utanfor fellesskapet, nokke som betyr at ikkje alle får dra nytte av de moglegheitene som det språklege og kulturelle mangfeldet gir (Hauge, 2014, s. 11). Med ein problemorientert haldning vil ikkje barnehagen tilretteleggjar for det som ikkje er normalen. Dette kan få konsekvensar for barne og føresette, enten vil familien prøve å bli ein del av majoriteten og gje avkall på sin eigen bakgrunn (Gjervan et.al 2012, s. 65). Eller så kan minoriteten fjerne

seg ytleger frå majoriteten slik at det blir større avstand (Gjervan et.al 2012, s. 65). Personale kan altså ha to haldningar til korleis dei møter mangfald i barnehagen.

2.4 Postkolonial teori

Eg ønsker å skjå nærmare på Postkolonial teori for det gjer eit innblikk i kor handlingane og tankane våre kan stamme frå. Den postkolonial tida starta etter europeiske kolonialismen som varte i 500år (Bjørnaas, 2021, s. 59). Europa hadde kolonisert opp mot 90 prosent av landa i verden, Postkolonial teori ser på kva desse handlingane har før til (Bjørnaas, 2021, s. 59). Postkolonial teori ser på korleis imperialistiske handlingar har før til å fortsette og føre til skeiv maktfordeling mellom dei vestlege landa og ikkje vestlege landa, og korleis dette påverka sanninga og kunnskap om verden i dag (Bjørnaas, 2021, s. 59). I barnehagekontekst kan vi skjå dette i samheng med enkelte haldningane eg har møt på i praksis, som omhandla at vi i Norge veit korleis ein barnehage skal drivast på ret måte. Hær blir eit vi og dei synspunkt tydeleg (Sand, 2021, s.130). Når man møter på personar som er annleis eller frammed er det to ulike måtar å møte dette på. Enten møter du vedkomande på ein etnosentrisk eller kulturrelativisme måte (Spernes & Hatlem, 2014, s. 165). Etnosentrisk tilnærming kan forklare som ein til bøyning til å forstå men barre ut ifrå eigen forklaringsmetode (Spernes & Hatlem, 2014, s. 165-166). Ein etnosentrisk person ville dermed skjå eigen kultur og eventuell religion som bra medan anders kultur og religion er feil (Spernes & Hatlem, 2014, s. 166). Ein kulturrelativisme forståing prøver å forstå den andre med likeverdige forståelses rammer (Spernes & Hatlem, 2014, s. 166). Etnosentrisme og kulturrelativisme blir sett på som motsetningar men man kan også finnes på ulike steder mellom dei to ytterpunkta (Spernes & Hatlem, 2014, s. 166). Å vere medviten om ein nærmar seg situasjonar på ein etnosentrisme eller kulturrelativisme måte kan gi betre innsikt i kvifor ein handlar slik ein gjer.

2.5 Rasisme.

Eg veit at det finnes menneske med rasistiske haldningar i verden å desse menneska kan bli potensielle foreldre til barn i barnehagen. I rammeplanen for barnehagen står det at «personale skal gi barna like moglegheiter, fremje likestilling og motvirke diskriminering, fordommar, stereotypiar og rasisme» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 57). For å kunne arbeida med dette i barnehagen er det viktig at personale har ein forståing for kva omgrepet rasisme tyder. «Rasisme er i smal betydning oppfatninger, holdninger eller handlinger som deler mennesker

inn i påståtte «raser» hvor noen hevdes å være mer verdifulle enn andre.» (Haugseth, 2023). Vidare utvidar Haugseth omgrepet til å omfatte ikkje berre menneskerasar, men òg kjenneteikn som nasjonalitet, utsegn, kultur eller religion (Haugseth, 2023). Når det gjelder omgrepet rasisme siler Sand mellom to ulike forståingar ein avgrensa og ein vidare forståing (Sand, 2021, s. 21). Til forskjell frå Haugseth som skil mellom tradisjonell og moderne (Haugseth, 2023).

Bangstad og Døving meiner at logikken bak rasisme er delt inn i fire deler Naturalisering, hierarkisering, Generalisering og ekskludering (Bangstad, & Døving, 2023, s. 12). Nummer en naturalisering, omhandlar og tileigne personar negative eigenskapar som om dei var naturlege og uforanderlege (Bangstad, & Døving, 2023, s. 12). Eit eksempel på dette kan være vist ein tilsett i barnehagen assosiera foreldre frå Mexico med narkotikakartellet og vald. Nummer to hierarkisering går ut på å rangere menneske i eit system der nokre blir rekna som meir verdifulle enn andre (Bangstad, & Døving, 2023, s. 12). Nummer tre er generalisering som går ut på å forhandsdømme eit vedkommande på bakgrunn av deira tilhøyring til ein bestemt gruppe (Bangstad, & Døving, 2023, s. 12). Eit eksempel på dette kan være at ein barnehagelærer antar at et barn med mørk hud ikkje er flink i norsk, basert på en stereotype om at barn med mørk hud kommer frå innvandrarfamiliar. Nummer fire er å diskriminere ved å bruke naturalisering, hierarkisering og generalisering som grunnlag (Bangstad, & Døving, 2023, s. 12). Det kan altså ligge fire grunntankar til rasisme utifrå tolkinga til Bangstad og Døving. Dette kan være relevant å veite grunntankane til korleis rasistismen blir til når man skal forstå kva rasisme er. Det vil også være relevant til vidare drøfting då eg skal skjå nærmare på rasistiske haldningar i barnehagar i bygd og by.

3.1 Metode

Vitenskapelig metode er framgangsmåtar for å svare på ulike typar forskingsspørsmål (Bergsland & Jæger 2022, s. 28). Målet er å fremme informasjon om det man ønsker å korleis innformasjonen kan analyserast (Bergsland & Jæger 2022, s. 28). Det er i hovudsak to ulike metodar som blir nytta, kvalitativ metode og kvantitativ metode (Bergsland & Jæger 2022, s. 28). Det er opp til meg og velje den metoden som eg ønsker for å svare på problemstillinga min. Kvantitativ er ein forskings metode som nyttar seg av tall og det som er målbart, spørjeundersøking og eller survey er vanlege innsamlingsmetoder når man nyttar kvantitativ metoden (Bergsland & Jæger 2022, s. 30). Kvalitativ forskning baserer seg på et vidt spekter av innsamlingsmetoder der man blant anna finner intervju (Bergsland & Jæger 2022, s. 29). En

viktig målsetting med kvalitative tilnærmingar er å oppnå forståing av sosiale fenomena, der det å kunne fortolke disse fenomena får stor betydning (Bergsland & Jæger 2022, s. 29). Dette krev at eg går i djupt. I min bacheloroppgåve ønsker eg å skjå nærmare på korleis bygd og by arbeida med mangfald, eg er også interessert i haldningane og opplevingane til informantane. Eg ønsker eg å stille informantane ein rekke spørsmål der kontekst kan spille ein viktig faktor. Med sikte på å oppnå ein djupare innsikt, vil eg intervju informantane og ha høve til å stille oppfølgingsspørsmål om det skulle vere nødvendig, for å forsikre meg om at min forståing av svare deira er korrekt. Eg ønsker dermed å nytte kvalitativ metode samt og nytte intervju. Eg ønsker å gjennomføre intervju mine ansikt til ansikt derfor blir eg nøtt til og reise til dei aktuelle barnehagane som stiller med informantar til min bacheloroppgåve.

3.2 Intervju som innsamlingsmetode.

Intervju er ein innsamlingsmetode i kvalitativ forskning som nemnt ovanfor. For å undersøke mine spørsmål om mangfaldsarbeid i bygd og by, vil eg stille informantane spørsmål knytt til dette temaet. Eit Intervju er basert på eit subjekt til subjekt forholda mellom intervjuar og informant (Bergsland & Jæger 2022, s. 29). Relasjonen mellom intervjuar og informant er viktig, å begge parter har ein innflytelse på korleis intervjuet føreløpar (Bergsland & Jæger 2022, s. 34). For meg var det viktig å tileigne meg kunnskap om forskingsintervju som metode, for og oppnå ein god kvalitet på arbeide. Intervjuet er altså preget av deltakarane både intervjuar og informant samt at relasjonen mellom partane også påverkar intervjuet. Sjølv om begge parter påverkar er samtalen ingen gjensidig form for interaksjon, sjølv ikkje når det gjelder openheit og fortrulegheit er relasjonen prega av symmetri (Bergsland & Jæger 2022, s. 29). Intervjuar og informant har forskjellige roller å oppgåver under eit intervju. Eg har to oppgåver under intervjuet: eg er både intervjuar og referent, sidan eg noterer medan intervjuet går føre seg. For min del fungerte dette ganske godt, sidan eg er vand med å notera og vere ein aktiv lyttar samstundes. Eg valde å notera for hand slik at eg ikkje treng å sjå ned medan eg skriv. Intervjuar altså eg har ein viktig oppgåve ved å gjennomføre intervjuet på riktig måte for å få svar på spørsmåla, men samt behandle informanten med respekt.

Intervjuar har eit etisk og moralsk ansvar for at informant ikkje opplever å utlevere seg sjølv eller barnehagen under intervjuet på ein uhøveleg måte (Bergsland & Jæger 2022, s. 35). Det er dermed viktig at eg legger til rette for at informanten føle seg trygg og ivaretatt. Vidare var det viktig for meg å tileigne meg informasjon om eige synspunkt rundt spørsmåla og korleis intervjuar skal holde seg så nøytral som mogleg. Eg ønsker ikkje å påverke svara informanten kommer med på spørsmåla eg stiller. Under intervjuet får ein innblikk i informantens

opplevelingar av verda og kan avdekkja betydninga av deira erfaringar (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 20).

3.3 Utval av informantar.

Eg valde eit strategisk utval av informantar, som inneber at valet er basert på eigenskapar eller kvalifikasjonar som er relevante for problemstillinga (Thagaard, 2018, s. 54). Eg valde å gjennomføre intervju med utdanna barnehagelæraren. Dette valde eg fordi eg ønska å stille spørsmål knyta til det pedagogiske arbeide på avdelinga og det er barnehagelærarane som har hovudansvaret for dette (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 16.). Eg studera for å bli barnehagelærer så det var naturleg å intervju kandidatar som er ferdig utdanna, fordi det gjer meg eit innblikk i korleis yrkespraksisen som barnehagelærer er. Samtidig ønsket eg ein mix av private og offentlege barnehagar eg har derfor intervjuet tre informantar frå private barnehagar og to frå kommunale. Dette gjorde eg for å representere ulike barnehagar innanfor dei to geografiske plasseringane. Den geografiske plasseringa på barnehagane var svært viktig for min oppgåve då eg ønsker perspektiv frå bygd og by. Det å finne informantar som var villige til og delta på intervju var forholdsvis enkelt på bygda. Det tok litt lenger tid og finne informantar frå by som var interessert i å stille til intervju men eg var tidleg ute og hadde tid til og vente på svar. Alt i alt var det relativt enkelt å finne informantar som ønska å ta del i min bacheloroppgåvea. Oppsummert hadde eg tre krav til deltakarane på intervju, informanten skal være utdanna barnehagelærer, informanten skal arbeide i barnehage privat eller offentlig og informanten må arbeide enten i ein bygd på vestland eller i byen Trondheim.

Eg har samle inn to intervju i bygd og to intervju i by og eit intervju frå ein som har erfart å både arbeide i bygd og by. Informantar får tilgang på spørsmål og intervjugaid i forkant av intervjuet. Dette er basert på at eg ønsker at informanten skal kunne førebu seg på intervjuet og møte forbered. Eg trur også at det er gunstig på grun av tema for spørsmåla til intervjuet. Eg har i forkant av denne innleveringa fort godkjent intervju spørsmål og informasjon og samtykkeskjema.

3.4 Ethiske omsyn

I forbindelse med bachelor oppgåve har eg teke nokre etiske omsyn. Desse omsyna er i hovudsak tilknytte informantane som deltok på intervju. Eg har blant anna utdelt informasjon og samtykke skjema til informantane. Eg stilte også med spørsmåla nokre dagar

før intervjuet blei hold slik at informantane hadde moglegheit til og orientere seg rundt tema. Informantane har også moglegheit til å trekke seg får intervjuet etter dei mottek informasjon og samtykke skjema, det er og tillat å trekke seg frå intervjuet etter intervjuet er gjennomført. Informantane som deltok på intervju fekk informasjon om at eg skal nytte geografisk tilknytning, men vil anonymisere dei ved å nytte fiktive namn. Deltakarane frå Vestlandet har fått tildelt namna Alex og Lee, medan informantane frå Trondheim har fått tildelt namna Jordan og May. Den siste deltakaren har tilknytning både til bygd og by, har fått namnet Maria.

3.5 Analyse

Retten etter intervjuet var ferdig tematiserte eg intervjuet og såg på kas tema informantane tok opp. Dette gjor eg for å få eit innblikk i om tema på svara til informantane samsvarte med tema på spørsmåla. Etter gjennomført intervju satt eg igjen med ein mengde notatet, det var derfor nødvendig å organisere datainnsamlinga for og få oversikt. Dette kales datareduksjon å det er i hovudsak tre ulike måtar og organisere dette på (Johannessen, et.al, 2021, s.154). Eg har valt å nytte meg av tverrsnittbasert og kategorisk inndeling av data (Johannessen, et.al, 2021, s.154). Intervjugaiden kan brukast som utgangspunkt i ein kategorisk inndeling av datamaterialet det å sortere og kategorisere all data frå alle informantane under kvart spørsmål i intervjugaiden (Johannessen, et.al, 2021, s.154). Det er nettopp dette eg har valt å gjere. Eg har kategorisk inndele kvart enkelt intervju, ved og lagge eit dokument kor eg førte inn svara til informanten under kvart enkelt spørsmål. Dette gjorde eg med alle intervjua individuelt først. Deretter lagde eg eit dokument der eg setter opp kvart enkelt spørsmål å kva dei fem informantane svarar på det. Kategorisering gjær det enklare kunne skjå svara deira opp mot kvarandre å skjå likskapar og forskjellar.

3.6 Beskriving av gjennomføring.

Eg kontakta barnehagar som eg tenkte kunne stille med informantar og delte deretter ut informasjon om min Bachelor oppgåve. Styrer tok deretter kontakt med personalet for og høyre om nokon kunne tenke seg å bidra som informant og stille på eit intervju. Styrer tok da kontakt med meg via telefon, styrer i barnehage fekk utdelt informasjons notatet og spørsmåla til intervjuet og vidareformidle dette til informantane. Når eg kom til barnehagen blei eg introdusert til informantane å vi satt ås på eit privat rom for å gjennomføre intervjuet. Før intervjuet starta hadde vi ein før samtale om intervjuet kva det innebar før vedkomande godkjente samtykkeskjema. Eg gjennomførte eit semistrukturert intervju der eg stilte spørsmål ut i frå ein liste men byttet på rekkefølga vist dette virket naturleg. Eg nytta tekst til tale funksjonen på Word samt som eg noterte under intervjuet. Etter min minning fungerte dette

nokså godt fordi Word noterte ned alt eg og vedkomande sa, medan eg noterte ned for handling informanten sa under intervjuet. Eg følte at til saman ga det meg ein heiltalig forståing for informantens svar på spørsmålet. Vist det var noko som var særst interessant så skriva eg det ned å stilte spørsmål om det på slutten av intervjuet for og kunne forsikre meg om at eg har forstått riktig og at eg kan nytte det som eit sitat i min bachelor oppgåve. Eg gjekk også fort igjennom alle svare på spørsmåla for og sikre at eg har forstått informanten riktig. Dette gav også informanten til og rette opp i det vist eg har misforstått eller at det vart litt feil uttrykt før eg nytta det som eit sitat slik at informantens stemme kummar fram på ret måte.

3.6 Metodekritikk.

I denne delen vil eg komme med kritikk til metoden samt forklare kvifor eg har vald å gjennomføre metode på denne måten. Når man ser på kvalitetsvurdering er reliabilitet og validitet to viktige omgrep (Bergsland & Jæger, 2022, s. 43-44). Validitet kan knytast til truverdigheit og overførbar heit det er også korleis metoden egna seg til å undersøke det den skal undersøke (Bergsland & Jæger, 2022, s. 44). Eg meiner eg har vald riktig metode for denne undersøkinga, fordi eg er interessert i haldningane og erfaringane til informanten. Thagaard formidlar at «validitet handler om gyldigheten av de resultatene vi kommer frem til, og hvordan vi tolker disse» (Thagaard, 2018, s. 181). I analysedelen har eg både nytta min gjenforteling av kva informanten formidlar, men også direkte sitat for å vise tydeleg når eg nyttar min tolking av informanten og informanten sjølv. I kvalitative studiar handlar reliabilitet om pålitelegheit, det vil si om forskinga gjennomførast på en måte som gir tillit til resultatane (Bergsland & Jæger, 2022, s. 44). Dette inkluderer korleis datamaterialet samlast inn, arbeidast med, analyserast og tolkast, samt kor påliteleg det er (Bergsland & Jæger, 2022, s. 43). Sidan eg har vald og gjennomføre intervju med fem barnehagelærarar vil dette være ein låg prosent del av barnehagelærarane i lande dermed er det ikkje sikkert at min undersøkinga er representativ for resten av lande. Eg vil likevel påstå at informasjonen vi får igjennom mitt datamateriale kan gje ein innsikt i korleis nokon barnehaga i bygd og by arbeida med mangfald. Sidan eg valde vekk og nytte taleopptakar kan det være informasjon frå intervjuet eg ikkje har analysert. Ved og gjennomføre intervju med taleopptakar også transkribert det, kunne eg fått eit meir nøyaktig datamaterialet en ved og nytte takst til tale funksjonen på Word. Dette er noko eg er klar over, men eg sitter framleis med intrykket av at eg har i stor grad fått med meg essensen av kva informantane har svart på kvart spørsmål. Eg har vært nøye med intervjugaiden og val av spørsmål eg har stilt under intervjuet. Samt hare eg førebudd meg godt før intervjuet å lagt ned arbeid i undersøkinga av forskarrolle under eit

intervju for og ikkje påverke svara til informanten. Dette medverkar til å gjære oppgåva min meir rehabil. Når det gjelder omarbeidinga av materialet har eg vært nøye fordi eg verdsette materialet å eg har eit ønske om å få fram haldningane til informantane som har deltatt i oppgåva. Eg vil også påstå at materiale har blitt behandla med respekt og analysert på ein god måte med. Dette er første gang eg analyserer eit datamateriale på denne måten så eg anerkjenner at det kan være manglar i forskinga mi.

4.0 Analyse av funn og drøfting.

I denne delen skal eg presentere funna frå intervju, eg kommer til og dele inn i ulike under kategoriar for og strukturere oppgåva. Funna er basert på svara under intervjuet. Eg vil først trekke fram svara til dei ulike deltakarane deretter vil eg analysere og samanlikne dei innanfor kvart delkapitel. Når eg trekker fram svara til informantane vil eg veksle på å legge fram direkte sitat og min gjenfortelling av materialet. Etter dette eg gjort vil eg gjennomføre ein heiltalig konklusjon. Eg har til saman fem innformnata Alex og Lee frå bygda, Jordan og May frå byen og Maria som representerer begge plassane, fordi hu sjølv har arbeida både i bygd på vestlandet men også i Trondheim over ein lengre periode.

4.2 Mangfald

I denna delen vil eg utforske korleis mangfald blir sett på av informantane frå bygd og by. Eg skal også skjå på korleis mangfald blir behandla og framme i barnehage miljøet, basert på intervjuet med Alex, Lee, May, Jordan og Maria. Igjennom deira perspektiv får vi eit betre bilde av praksisar og tilnærming knyta til mangfald i bygd og by. Det første eg ønsker og trekke fram er korleis informantane definerer mangfald i barnehagen. Det første spørsmål eg stilte i intervjuet var «Kva legger du i fleirkulturelt mangfald? Og fleirkulturelt mangfald knyta til barnehagen». Deretter stilte eg eit spørsmål som omhandla om dei opplever barnehagen som mangfoldig.

Alex svarer «Det første eg tenker på er barn mad forskjellig kultur og forskjellige språk» deretter snakkar hen om markering av høgtider og arbeid med hudfarge og familiesamansetningar. Alex formidlar «Vi har egentleg ikkje så masse fleirkulturelle barn i barnehagen å i så fall er jo det ungar som kanskje har foreldre frå andre plasser, men det blir ikkje regnet som fleirkulturelle på en måte. Fordi at de snakket fullstendig Norsk». Med denne utallense fortaler Alex meg ein del om hennar forståing ovanfor omgrepet fleirkulturell mangfald å kva ho legger i det. Det viser seg at Alex knyter orde fleirkulturell mangfald opp

mot ikkje Norsktalande. Etter min meining virka det som at orde fleirkulturell mangfald blir assosiert med to ting barn som er fleire språk eller flerre kulturelle, samt arbeid med kulturar, etnisitetar og familiesamansetningar. Alex ytrar at hun ser på barnehagen som mangfaldig med at hun ønsker å bli betre på og arbeide med og synleggjer mangfelde. «vi er veldig lyst til å få litt meir indirekte fokus på det, men vi har ein handfull barn her som ja er fleirkulturelle».

Lee knyter omgrepet fleirkulturell mangfald opp mot kultur og at det handlar om fleire kulturar samla i barnehagen. «Det eg tenker på i forhold til fleirkulturelt mangfald, det er at vi er flerre kulturar samla og at vi i barnehagen må jobbe med å flette det her samen.». Lee viser til eksempel kor dei arbeid med Musikk frå ulike kulturar. Hen påstår at dette knyter kulturar samen på ein god måte. Lee svarer «JA men vi har ulik praksis» når eg spør om barnehagen er mangfaldig. Lee ser på barnehagen som mangfaldig, men at tilsette har ulik praksis for kor mykje dei arbeida med mangfald. Eg tolkar dermed at hen miner at enkelte avdelingar arbeida meir med mangfald en andre.

Jordan meiner man kan knytte mykje opp mot orde fleirkulturelt mangfald å at det ikkje finnes et fasit svar på kva orde innebere, det kan være at du kommer frå ulike plasser i Norge øst og vest for eksempel. «jeg tenker at vi må være veldig anerkjennende og anerkjenne at vi kan ha ulik partner at vi kommer fra ulike steder». Jordan formidlar at hen sel ikkje er opphaveleg norsk, hen opplever at «Norge aksepterer mye» når det kommer til fleirkulturelt mangfald. Hen formidlar at personale i barnehagen må være anerkjennande og bevist på godt samarbeid med foreldre spesielt når barna ikkje pratar norsk. Barnehagen Jordan jobbar i har både barn og tilsette frå ulike kulturar og med ulike etnisitetar «her blir det ikkje gjort forsel» derfor meina hen at barnehagen er mangfaldig.

May påpeikar at ein barnehagen vil alltid ha fleirkulturelt mangfald fordi vi er forskjellige menneske. «Fleirkulturelt mangfald er så masse Kultur, religion, språk, familie samansetningar». «Mangfold er alt». May jobbar i ein barnehage der det er mange barn med ulike kulturar hen meina at barnehagen er mangfaldig å at det er ein læringsprosess både for barna og vaksen.

Maria tenker på at vi menneske har ulikskap innanfor for eksempel tradisjonar, funksjonsnedsetjingar, kultur og utsjånad når hun høyrer orda fleirkulturelt mangfald. «grunnleggende er vi mennesker enten vi er små eller store eller om vi er lyse eller mørke

eller tjukke litt tynne». Vi er alle forskjellige og det lager ting spennande. Hen meina at vi lærer meir av kvarandre om vi er forskjellige og at personale kan nytte det som ein ressurs. Hun meina at barnehagen hen jobbar i er mangfaldig fordi «Ja vi har et inkluderende miljø og det visest igjennom arbeide».

Når vi ser på korleis informantane definerer og handterer fleirkulturelt mangfald i barnehagen, kommer det tydeleg frem ulike perspektiva og tilnærmingar. I rammeplanen for barnehagen er det eit eige delkapitel om mangfald og gjensidig respekt (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 54). I dette del kapitelet står det blant anna at «Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske» men det er opp til kvar enkelt barnehagelærer og tolke innhole (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 54). I teoridelen ser vi at teoretikarane Båtnes og Sande nytter omgrepet fleirkulturelt mangfald på ulike måtar. Eg ser derfor ikkje noko uvanleg i at informantane har ulike forståingar av kva omgrepet inneber. I sine svar reflekterer informantane omkring ulike aspekt av mangfald. Alex og Lee frå bygda legg vekt på kulturelle og språklege forskjellar blant barna, medan Jordan og May frå by inkluderer ein breiare forståing av mangfald som omfattar kultur, religion, språk og familiestrukturar. Maria frå bade bygd og by sin tilnærming omfattar også mangfald i ulikheiter innanfor tradisjonar, funksjonsevne, kultur og utsende. Her ser vi ein forsel i frå bygd og by, representantane frå by uttrykker ein vidare forståing for kva dei legger i fleirkulturelt mangfald en representantane frå bygd. Informantane frå byen, spesielt Jordan og May, legger vekt på bevisstheit, medvit og inkludere ulike former for mangfald i barnehagen. Dette kan omfatte tiltak som å fremme kjennskap og forståing mellom ulike kulturelle grupper og å skape et inkluderende miljø for barn og foreldre med ulike bakgrunnar. På den anen side har informantane frå bygda, som Alex og Lee, et meir konkret fokus på aktivitetar og markeringar som fremmer kulturelt mangfald, som feiring av høgtidar og integrasjon av kulturelle elementær i barnehagens praksis.

Når det Kommer til om informantane ser på barnehagen som mangfaldig svarar alle informantane «JA» men dei har ulikt grunnlag til kvifor. Representantane frå by May og Jordan meiner at barnehagen er mangfaldig fordi det er barn og tilsette med ulike kulturar i barnehagen. Medan Lee og Maria meiner at barnehagen er mangfaldig på grunn av arbeide med mangfald. Alex meina at barnehagen er mangfaldig fordi det går fleirkulturelle barn i barnehagen, men hen ønska å bli betre på å arbeide det. Hær ser vi to tydelege forskjellar. Eg har tidlegare skrive om at Mangfald handlar om ulikskap (Bergersen, 2017, s. 63). Det er også

ulike måtar og skjå på ein mangfaldig eller fleirkulturell barnehagen. Sande formidlar at ein kan omtale ein barnehage som fleirkulturell når barn med ulik språk- og kulturbakgrunn går der. Barnehagen blir karakterisert som fleirkulturell på grunn av nærvær av minoritetsspråklege barn (Sand, 2021, s.79). Dette er altså det grunnlaget Jordan og May frå by nytter då dei beskriver barnehagen som mangfaldig. Sande fortaler ein anna måte og nytte omgrepet på. Den omhandlar barnehagens planar og praksisar, altså om barnehagen nytter fleirkulturelt innhol i sin pedagogiske praksis (Sand, 2021, s. 80). Der er denne tolkinga Lee som er frå bygd og Maria som representera både bygd og by nytter for og beskrive barnehagen dei arbeida i no som mangfaldig. Eg vil påstå at Alex nytter begge betydningane av mangfaldig barnehage fordi hun refererer både til barna som går i barnehagen, men også det pedagogiske arbeid med mangfald som hen ønsker og bli betre på.

4.3 Kulturelt og religiøst mangfald.

Igjennom barnehagen har eg fått kunnskap om mange måtar å leve på og korleis kultur og religion påverka foreldre og barn i barnehage. Det finns over 200 definisjonar på omgrepet kultur å eg er interessert i korleis barnehagelærer arbeida med det i barnehagen (Horntvedt 2012, s. 238). Religion kan i stor grad påverke korleis enkelte menneske veljar å leve liva sine. I likskap med kultur finns deg også mange definisjonar på omgrepet religion (Sødal, 2019, s. 80). Eg vil dermed skjå nærmare på korleis barnehagelærarar tilnærma seg kulturelt og religiøst mangfald i barnehagen.

